



Også trenarar og lagleiarar fekk medaljar - her representert ved uskedelingane Klara Bakke og Ivar Gundersen

Det årlege premie- og medaljedrysset for dei yngste fotballspelarane i Rosendal gjekk føre seg i ettermiddag og samla rundt rekna 300 i samfunnshuset! Cupfinalen hadde med andre ord ingen negativ verknad på frammøtet. Imponerende nok har klubben også 300 aktive spelarar og trenarar og over 20 av dei er heimehøyrande i Uskedalen.



Gutelaget 97/98 fylte heile scena

Arrangementet vart svært effektivt leia av Gunnar Våge og Arvid Nes og forut for sjølve 'dryset' gjekk servering og utlodning.

Her vart ingen gløymt, men det ligg i sakens natur at nokre av laga fekk meir fagnad enn andre. Det gjorde til dømes gutane født i 1997/1998 som vart kåra til årets Fair Play-lag for ungdom og som hadde 4 uskedelingar på laget. Dei var Hermund Døssland, Marius Myklebust, Kjartan Tungesvik og Sondre Myklebust. I trenarstaben fann ein uskedelingen Ragnvald Myklebust.

Gutane som vart fødd i 1999 vann serien med siger i alle 20 kampane og vart sjølvstarkt varmt hylla. På dette laget fann ein uskedelingane Emil Bakke Berntsen, Sondre S. Myklebust, Martin Yri Røssland og Karsten Haugland. Ivar Gundersen har vore trenar og Klara Bakke lagleiar.

Også laget der gutane var fødde i 2001 har hevda seg bra i serien med 12 vunne av 14 kampar og her spela Simon Taranger, Jaran Jensen Eide, Sander Seim Myklebust og Harald Myklebust Lekva. Åge Myklebust var ein av trenarane.

4 spelarar frå bygda vår var det også i laget for dei som kom til verda i 2000: Mats Løland Eik, Joakim Myklebust, Jakob Taranger og Ingar Eik Høvik. Trenar var også herifrå - det var Tor Gundersen - og lagleiar Kjell Erik Taranger likeså.

På 1999-laget til jentene finn ein Solveig Haugland og Kathrine Saghaug. Dette laget kom til sluttspillet i Norway cup. Maren H. Bjørnebøle spela på 97/98-laget som var med i den samme cupen og spela i ein direktesendt kamp på TV

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



99-laget vann alle seriekampane sine